70. [1] Tone: Ja til bryllups me er komne no san

1. Her i verdi er do mykkje stræv, san
Alt leve etter føda grev, san
Ymis er no lukka
Mange er so pukka
Faae er dei so laata vel, san
Mangslags laat, san
Skjend aa graat, san
Skjend for da ein fær *uliksleg* aat, san

2. Men det er no so me alle veit, san
Alle faar kje klina lika feitt, san
Ditta faar so væra
Aa ein faa no kjæra
Be um hjelp so dei kan greida seg, san
Ret aa skil, san
Alting vel, saa
Verre naar ein baate lyg aa stel, san.

3. Men hør her ein hev det ikkje duld, san
Armodskapen er eins eigen skuld, san
Lite inkje gjera
Berre Aa fortæra
Daa me harefart da gjeng til fant, san
Er kje bra. san
Lyt no ga, san
Kvar faar ha det so han henta da, san

4. Spæl aa dans aa drykk aa sore tull, san
Helsa vyrdna penga
Burt i daarskap slengja
Vit aa sands aa dugleik tærrs upp, san
Kvar den *taag*, san
Harmast aag, san
Ein ser ut so harde *vidjebrok*, san

5. Tenk paa styggedommen i ein krig, san
All den fæla kun ein vore fri, san
Grendselausa stræve
Aaso ille leve.
Armodskap aa svelt ihel attpaa, san
Vitlaust skrap, san
Toskeskap, san
Land aa folk tilævleg ska aa tap, san

6. Um ein synes slikt er gildt aa *grumt*, san
Finst her nokre ting so stygt aa dumt, san
Dræpe brenna banna
Skjemd aa mykje anna
Grusomt kva ei folk kan finna paa, san
Svarte natt, san
Apekatt, san
Veit kje kva slags straff dei skulde hatt, san!

7. Verdi ja ho synes grepa grus, san!
Krig aa mord aa svir aa rus, san!
Aa kor glupt ho stelle
Auka paa aa felle
Etterso ho ser det krevst, san
Sjellaa daa, san
Taka taa, san
Jamnaste ein berre auka paa, san

8. Upp aa fram i storleik stas aa makt, san
*Diabolus* rikje
Svart so svarta dikje
Ljos aa fridom totalt hamast burt, san
Klaart aa sjaa, san
Følast maa, san
Arme kryp su slikt kan finna paa, san

9. Sjaa me paa kva soga os fortel san
Um ulukkur krig aa slaa ihel san
Syndfloi Gomorra
Aa Salem da stora
Med mangt anna so vart oydelagt, san
*Badnespel*, san
Da va vel, san
No for tidi hev ein lært aa slaa ihel, san

10. Kjære folk da skull kje væra so, san
Alle skull me ha ein annan to, san
Darso Gud me lydde
Styggedomen skydde
Takka han i tru for alt me faar, san
Daa det vert, san
Godt aa kjært, san
Tru aa kjærleik veks daa etterkvart, san

11. Hjarteleg eg ynskjer eg var slik, san
Alt da vonda vraka
Paa guds vegar aka
Alti eiga himlens velbehag, san
Himmelfar, san
Meg bevar, san
Hjelp du meg fraa vonde vegar klar, san

1 ReF. Foto Bj_s114.TIF